

## Mållaga i Nordhordland

Til ordførarane i Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland og Radøy

Til rådmennene i Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland og Radøy

Til alle partigruppene i Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland og Radøy

Til dei som arbeider innanfor tenester som er retta mot innvandrarak, asylsøkjarak og flyktningar i nordhordlandsregionen

Til alle interesserte

### Korleis kan norskopplæringa for innvandrarak fremja integreringa?

Dette er tema for ein konferanse mållaga i Nordhordland arrangerer no i vår.

Vi tek utgangspunkt i at kunnskap i og evne til å bruka norsk språk er eit heilt sentralt ledd i integreringa av minoritetsspråklege.

Vi har greidd å samla nokre av våre fremste fagfolk når det gjeld kva utfordringar vaksne innvandrarak får i møte med norsk som andrespråk og kva verktøy som finst i arbeidet med språklæring.

Såleis har vi den store gleda å invitera dykk til konferansen.

**Stad:** Hagellia matstove i Knarvik

**Dato:** Måndag 7. mars 2016

**Tid:** kl. 1130 – om lag kl. 1630

**Konferanseavgift:** Kr 200 (inkl. lunsj og pausemat). Betal avgifta i døra eller til kontonummer 3632 50 59472

**Påmelding:** Send påmelding til Åse Grønsnes. E-post: [aasetron@online.no](mailto:aasetron@online.no) eller ring eller send tekstmelding: [482 12 841](tel:48212841)

**Påmeldingsfrist:** 28. februar

**SJÅ VEDLAGDE PROGRAM!**

Knarvik 31.01.16

Med venleg helsing

Edit Jørgenvik



for

Alversund Mållag

Lindås Mållag

Meland Mållag

Osterfjorden mållag

Radøy Mållag

***Mållaga i Nordhordland inviterar til konferanse:***  
**"Korleis kan norskopplæringa for innvandrarene fremja integreringa?"**

Konferanseavgift: kr 200

Påmelding innan 28. februar til: Åse Grønsnes på e-post [aasetron@online.no](mailto:aasetron@online.no)

**PROGRAM**

1130 - 1215 Matøkt med lunsj. Registrering.

1215 - 1225 Opning v/ representant for arrangørane.

Astrid Aarhus Byrknes, ordførar i Lindås, helsar velkomen

1225 – 1300

Norskopplæring for vaksne innvandrare – kven har rett og plikt og kva verknad har dagens flyktningssituasjon på opplæringstilbodet?

Marry-Anne Karlsen, forskar ved UNI Research, Rokkansenteret, og Helse velferd og migrasjon.

1300 – 1340

Korleis kan ein leggja til rette for at språkleg kvalifisering i klasseromet vert til nytte for integreringa i lokalsamfunnet?

Olaf Husby, fyrsteamanuensis ved Institutt for språk og litteratur, NTNU

1340 – 1400 Pause med beinstrekk. Kaffi, te, vatn og litt å bita i.

1400 – 1430

Utfordringar for vaksne innvandrare i møte med norsk som andrespråk.

Ann Kristin Helland Gujord, fyrsteamanuensis ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, UiB

1430 - 1450 Pause med beinstrekk. Kaffi, te, vatn og litt å bita i.

1450 – 1520

Røynsler med undervisning på nynorsk av vaksne minoritetsspråklege.

Gunnar Flatland, Førde norsksenter, Førde kommune

1520 – 1540

Praktisk og individuelt tilpassa norskopplæring av flyktningar med fokus på lokal identitet, lokalt arbeidsliv, språk og samfunn gjennom bruk av IKT.

Mona Steiner Brekkan og Roy Thomassen, Vaksenopplæringa i Austrheim kommune

1540 – 1610

Om tilbodet av læremiddel for vaksne minoritetsspråklege.

Sissel Vollan, seniorrådgjevar i Seksjon for opplæring i Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk

1610 – 1625

Nynorsk som reiskap i integreringa.

Marit Aakre Tennø, leiar i Noregs Mållag

1620 – 1625

Vel heim!

I tidene som er sette opp for det einskilde innlegget, er det rekna inn ca. 10 minutt for spørsmål og merknader.

Vi gjer merksam på at også Fagbokforlaget vert invitert til å halda stand under konferansen.